

LNK AVISA

NR 6 • 2006 • ÅRGANG 5

Best i test



Nok ein gong markerer Vågå kommune seg. Nyleg blei dei kåra til den beste barne- og ungdomskommunen i Noreg. Korleis greidde dei det? Og er det dei vaksne som seier det, eller har dei spurt barna som bur i Vågå?

•Sjå side 15

Noreg i Brussel



Merete Mikkelsen, i lag med Karen Marie Henne og Siri Hodneland er eit viktig knutepunkt for kommunane i tre Vestlandsfylke sitt møte med Europa.

Vest Noreg sitt kontor i Brussel er eit av fleire kontor som arbeider på vegne av regionane i Noreg. Mykje tyder på at desse kontora trengs då kompetansen om mellom anna Europaparlamentet sitt arbeid er liten i kommunane.

Det er få kommunar som i det heile har drøfta kva konsekvensar til dømes EØS-avtalen har for kvardagen til kommunen sin.

•Sjå side 2, 5 – 11

Milde gaver til gøynde scenar

•Sjå side 12-13

Fjaler



Fjaler kommune investerer 2,5 millionar kroner, Norsk Kulturråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune stiller med tilskotsmidlar og industrien i Sogn og Fjordane likeså. Det skal igjen bli travelt på den gamle ferjekaia i Dale i Sunnfjord. Les mer om Fjaler kommune i Sandeåret

•side 20 – 22.



Og tvilen kjem jamt attende kvar gong eg har retten sett.

Du har rett, men det kunne vel hende andre kan og ha rett?

Frå "Eg merkar" – 1955
av Jacob Sande som ville ha vore 100 år i 2006

ABC
Startsida

**Vi gjer nettet
nyttigare!**

www.startsida.no

«EG ØNSKJER MEG EIN BARNEHAGE DER DEI
VAKSNE **LES, FORTEL OG SYNG** FOR UNGANE MINE»

Pirion

☐ Ja takk, eg/vi vil tinge eit abonnement på Pirion
Abonnementet kostar 150 kroner (Studentpris: kr 120,-). Nye tingarar får også
tilsendt nr. 3/2006. Abonnementet gjeld til det blir sagt opp skriftleg.

Namn:

Barnehage:

Adresse:

Postnummer:

Poststad:

Telefon:

E-post:



Pirion er eit kulturelt alternativ i ei tid prega av kommersiell kulturindustri og straumlinjeforma marknadsføring. Pirion kjem med 4 nummer i året: februar, mai, august og november.

kr 150,-

Du kan og tinga Pirion per e-post: pirion@norsk-plan.no



www.pirion.no

Informasjonsavis for
Landssamanslutninga av nynorskkommunar

Redaktør
Einar Schibevaag

Kunnskapsløyse

Framstegspartiordføraren i Austevoll kommune, Helge Andre Njåstad fortel i LNK avisa at han ikkje har spesielle synspunkt på forholdet mellom EU og kommune-politikk.

Det er oppsiktsvekkjande at ein så framstående folkevald faktisk berre slår fast at dette ikkje er eit spørsmål som opptek han. Og det i ein kyst og distriktskommune.

Det kan tyda på at han ikkje er åleine. LNK-redaksjonen har kontakta mange sentrale folkevalde i LNK-Noreg og anten så blir det taust frå elles så pr-kåte folkevalde eller så veit dei ikkje kva dei skal svare.

Det er urovekkjande når me ser korleis regulativ frå Europa har direkte konsekvensar på den kommunale kvardagen. Spørsmål som gjeld helse- og sosial, energi, vassforsyning, kloakk og renovasjon for å nemne nokre.

Og stoda blir stadfesta i kommunane sine eigne planverk. I ein e-postrunde til kommunane kan me slå fast at EU-spørsmåla er så og seia fråverande i alle kommunale plandokument.

EU er blitt det fjerde forvaltningsnivå, anten me likar det eller ikkje. Og då må me ta spørsmålet på alvor og drøfte kva for rolle EU vil spele for oss i den norske kommunekvardagen vår.

Me er best i klassen i å ta i bruk dei nye direktiva EU vedtek, på same tid som me kritiserer dei direktiva som kjem som eit resultat av EØS avtalen me har forplikta oss til. Det er eit paradoks når me blir klar over kor liten innverknad me har på direktiva som blir vedtekne. Til no har Noreg aldri lagt ned veto.

Vågar å feila

Direktør Sylfest Lomheim i spørkrådet har sett organisasjonen sine oppgaver på kartet. For to - tre år sidan visste knapt nokon kva spørkrådet var.

Språkrådet er ein viktig organisasjon som gjer språk og debatten om spåk synleg. At den medieflinke Lomheim trør feil og meiner berre dei med reint vikingblod i årene kan passere som nordmenn får så vera.

Det må vera lov å trø feil. Det er av feil me alle lærer og Noreg treng eit språkråd som vågar å meine.

At Lomheim har evna til å leggje seg flat når brøleren er eit faktum, bør mange misunne han.



(Illustrasjonsfoto: EU.com)

Kven gjer kva i EU?

EU-DOMSTOLEN

- Avgjer tvistar mellom Kommissjonen og medlemsland, og internt mellom medlemsland, i spørsmål som gjeld tolking av lover og reglar.

- Gjev etter førespurnad nasjonale domstolar uttalar om tolking av EU-retten.

Domstolen har 15 dommarar, som er oppnemnde av medlemsland.

EUROPAKOMMISSJONEN

-Kommissjonen er det utøvande organet i EU. Kvart land har ein representant, men kommissjonen skal ha det beste for alle land for auga. Kommissjonen vert i dag leia av ein president (José Manuell Barroso) og 24 andre kommisearar, éin frå kvart medlemsland.

-Utarbeider forslag til reglar og lover, ofte etter utgreiing av problemstillingar i fagkomitear eller ekspertgrupper og høyring blant interesserte partar.

-Fastset enklare reglar og gjer einskildvedtak (ofte i samråd med Rådet)

-Passar på at medlemslanda gjennomfører lover, reglar, og vedtak som er gjort av eit EU-organ, og kan evt. reise sak for EU-domstolen mot medlemsland som ikkje bøyer seg.

-Handterer internasjonale fellessaker.

-Landet som har formannskapet (skiftar kvart halvår), set dagsorden på grunnlag av dei sakene Kommissjonen har føreslått.

-Sakene vert førebudde i faggrupper med representantar frå medlemsland, der formannskapet søker kompromiss mellom ulike nasjonale interesser.

-Det er eit prinsipp at ingen land med vitale interesser i ei sak, skal bli overkøyr.

DET EUROPEISKE RÅD

Det europeiske rådet består av presidentar og statsministarar frå medlemslanda og Kommissjonspresidenten. Hovudoppgåver for dette rådet er å drøfta viktige spørsmål som vil ha innverknad på framtida til EU og vedta nye traktater.

EUROPAPARLAMENTET

Parlamentet har fått aukande innverknad som lovgjevar:

-Vedtek dei viktigaste lovene og reglane (saman med Rådet)

-Gjer budsjettvedtak (i samråd med Rådet)

-Godtek, evt. forkastar, medlemmene i Kommissjonen (president og andre kommisjonarar)

-Parlamentet har 732 medlemmer og blir valde ved direkte val i medlemsland kvart 5. år (der små land vel fleire representantar enn folketalet skulle tilseia)

I Europaparlamentet sit medlemmene plassert ut frå kva politisk tilhøyring dei har, og ikkje kva for land dei kjem frå. Nå er det sju politiske grupper i Europaparlamentet.

MINISTERRÅDET

Dei nasjonale interessene vert sikra i Ministerrådet, der ministrane frå dei ulike landa møter.

I dei ulike ministerråda deltek altså fagministrane frå medlemsland. Rådet har (saman med Parlamentet) mange av dei same oppgåvene som eit nasjonalt parlament:

-Vedtek lover og reglar, og gjer viktige einskildvedtak (i samarbeid med Parlamentet)

-Utnemner kommisearane, inkl. presidenten for Kommissjonen, etter forslag frå regjeringane.

-Vedtak må anten vera samrøystes eller ha kvalifisert fleirtal (der små land har større vekt enn folketalet skulle tilseia).

Utgjevar:
Landssamanslutninga av
nynorskkommunar (LNK)

Redaksjon:
Toyni Tobekk
Ragnhild Margretha Taranger
Marie Hauge
Björg Rørtveit
Astrid Eidhammer Hjelmeland

Adresse til redaksjonen:
LNK-Avisa
Næringsbedet i Vatlandsvåg
4235 Hebnes

Telefon 52 79 04 80
Telefaks 52 79 04 81
E-postadresse:
lnk-avisa@norsk-plan.no

Montering:
Norsk Plan A/S -
Astrid Eidhammer Hjelmeland

Trykk:
Sunnhordland

Opplag omlag 6000
Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år og
kan tingast hjå
LNK, tlf. 22 33 14 00,
LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,
eller lnk-avisa@norsk-plan.no

Pris kr 150 per år.

Utgjevsplan
9/2, 30/3, 8/6, 7/9, 19/10, 7/12

Annonseprisar:
1/1 side kr 17 000,-
(248x360 mm)
1/2 side kr 10 000,-
(248x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 6 500,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
20 kroner per millimeter.

Prisane gjeld ferdig materiell.
Tillegg for farge.

Annonser blir å levera
som pdf-fil til:
bladstova@norsk-plan.no



Vestlandets historie

Kvart år fører Sparebanken Vest delar av sitt overskot tilbake til Vestlandet gjennom sin allmennyttige verksemd, Visjon Vest. Landsdelen vår er rik på ressursar, og ildsjelene er kanskje det mest verdifulle av alt. Vi stø ildsjelene i idrettslag og kulturliv, vi sponsar innovasjon, utdanning og forskning – alle vesentlege bidragsytarar i utviklinga av Vestlandet.

Blant våre største satsingar i haust er finansieringa av den fyrste fullkomne landsdelshistoria som vert utgjeve i Noreg, *Vestlandets historie*. Eit storslådd verk i tre bind om Vestlandet og vestlendingen.

For meir informasjon om *Vestlandets historie*, se www.vigmostadbjorke.no/vestlandet.





Landssamanslutninga
av nynorskkommunar (LNK)

•
Pilestredet 8
0180 Oslo

•
www.lnk.no

•
lnk@online.no

•
Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland

•
Styret:
Jan Magne Dahle, leiar
Astrid Myran Aarvik, nestleiar
Solfrid Borge
Kjell G. Helland
Rune Øygard

•
Varamedlemer:
Nils R. Sandal
Velaug Veum
Oddvar Haugland

•
LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk. LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemmene og spreie informasjon som styrkjer dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

•
LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fjordline
Kommunalbanken

Høviske ord

Dei siste vekene har det rasa ein debatt i trivselsfylket Sogn og Fjordane. Til liks med resten av landet flyttar det der og fleire folk frå område som ikkje har eller ligg inn til større byar, enn det flyttar folk til dei same områda. Kulturentreprenør (!) Randi Førsund meiner musikkfestivalane og konsertarrangørane i fylket må ta mykje av ansvaret for dette. Dei er for tradisjonsbundne, for tilbakeskuande og dei representerer musikkformer som ikkje appellerer til dei hippe urbane ungdomsmiljøa, må vita. Sjølv arbeider Førsund med å realisera ein film som skal visa fram Sogn og Fjordane slik det var for tusen år sidan, så ho veit kva ho snakkar om.

Noko av det som har imponert meg mest med Sogn og Fjordane dei siste tiåra, er nettopp alle dei festivalane som har vakse fram – og ikkje minst kvaliteten på desse arrangementa og kor varierte dei er. Variasjon er ofte eit teikn på toleranse, noko som i seg sjølv er viktig dersom ein skal trekkja til seg gründarar og andre skapande krefter. Målrock i Årdal, Malakoff på Eid, Folkemusikkfestivalen i Førde, Kystfestivalen i Florø og Glopperock, for berre å nemna nokre få, tok til som små lokale nisjetreff, men har alle vakse ut over lokale og regionale rammer og trekkjer no folk frå både inn- og utland. Og dei er med på å setja trivselsfylket på kartet.

Det siste festivaltilskotet er Nynorske litteraturdagar i Flåm. Første helga i november samla meir enn sjuhundre personar seg i Flåm for å oppleve spennande litteratur, møta kjende og mindre kjende forfattarar, diskutera språk og høyra på god alternativ musikk. Både ungar og japanske turistar sat fjetra og hørde om Heavikatten, Heksa og Per Sivle, medan Kjosfossen fekk renna i fred utanfor Flåmsbana. Og korkje ausande regn eller eit lydanlegg på sjølvstyr fekk øydeleggja ein verdsarvlitteratur på Nærøyfjorden. Det bør bli eit folkekrav at Aurland kommune gjer dette til ei årvis hending.

Sju hundre menneske på litteraturdagar i Aurland, 11 000 på countryfestival i Breim. Dette er publikumstal det står respekt av. Kvantitet er rett nok ikkje alltid det same som kvalitet, men Sogn og Fjordane har eit godt rykte på seg som kulturfylke. Dette kvalitetstempelet er det viktig å ta vare på – det handlar om identitet og integritet bygd opp opp over lang tid. Og for å fuska litt i meklarfaget: Kulturkapital vil alltid stå høgt i kurs, men me snakkar om langsiktige investeringar.

NYNORSK IS A BETTER LANGUAGE

Då fangane i Hustad fengsel, som ligg midt i nynorskkommunen Fræna, nyleg fekk brev på nynorsk, protesterte dei heftig og meinte juristen som skreiv brevet hadde brote lova. Fangane syntte til §6 i Mållova som mellom anna seier at «Statsorgan skal svare på skriv frå private rettssubjekt i den målforma som er nytta i skrivet.»

Sidan dei innsette i Hustad fengsel tykkjer det er vanskeleg å forstå nynorsk, tek me sjølv sagt dette som eit statistisk prov på at det er bokmålsfolk som lettast hamnar på skråplanet. Justisminister Knut Storberget må snarast leggja inn styrking av sidemål-sopplæringa som ein sentral del i det kriminalitetsførebyggjande arbeidet.



Vidar
Høviskeland
er dagleg leiar
i LNK

Tysvær inn i LNK

På møtet 26.09 vedtok formannskapet i Tysvær med 7 mot 2 stemmer å teikne medlemsskap i LNK frå 01.01.07. Dette etter forslag frå Tone Kringeland (Sp), som presiserer at det var breid politisk semje bak vedtaket.

BJØRG RØRTVEIT

Tysvær kommune nyttar nynorsk som administrasjonsspråk, men der sekretærar tidlegare gjorde mykje av det skriftlege arbeidet, skriv nå dei aller fleste sjølv, frå eigen pc. Dette får utslag i større variasjon i den språklege kvaliteten, sidan mange som ikkje har bakgrunn for det, er plikta til å bruke nynorsk.

Ynskje om å skrive eit godt språk som ligg nær opp til eigen dialekt, støtta av det gode opplæringstilbodet i nynorsk offentleg språk som LNK har tilbod om, var viktige grunnar for at det vart

søkt om medlemsskap no, seier Kringeland.

Sidan medlemsskapet først gjeld frå årsskiftet, er det enno ikkje gjort konkrete vedtak om korleis ein skal nytte seg av dei enkelte tilboda. Håpet er at mange kommunalt tilsette vil få auka kompetanse og medvit når det gjeld nynorsk språk, noko som vil kome heile administrasjonen i kommunen til gode. Kringeland har og eit ynskje om at skulane vil ta i bruk LNK sitt materiell i norskundervisninga.

FLEIRE MEDLEMMER

LNK har i tillegg til Tysvær fått Sirdal og Surnadal som medlemskommunar.



Tysvær er ein av tre kommunar som nyleg har meldt seg inn i LNK.
(Foto: Bjørg Rørtveit)

Fokus på



Noreg dømt til å tapa

Kampen om kontrollen over vassressursane i Noreg kan bli avgjort neste år. Paal Frisvold ved Brusselkontoret meiner Noreg ikkje kan hindra marknadsopning når ESA gjer sine vedtak til våren.

EINAR SCHIBEVAAG

Skjer det kan det vera snakk om enorme verdiar som kan koma på utanlandske hender.

Kraftsektoren er den største landbaserte industrien i Noreg målt i verdi, med ein realverdi på om lag 400 mil-


liardar kroner og om lag 14 000 tilsette. Overskotet vart rekna til 15-16 milliardar kroner i året med kraftprisane i 2005. Etter dette er prisane berre gått ytterlegare opp.

Frisvold meiner det vil vera mest utenkjeleg at Noreg får gjennomslag for å beskytta denne sektoren frå ein friare marknadsopning.

Med det står ein svært viktig barriere for Noreg for fall, noko han og trur vil få konsekvensar for innbyggjarane i Noreg sitt syn på EU spørsmålet, spår Frisvold.

Konsekvensen av at ESA ikkje gir Noreg medhald er at eit svært viktig prinsipp blir overprøvd av eit forum som landet vårt ikkje har noko høve til å vera med å påverka.

*Kven skal ha rett til ressursane i framtida?
(Foto: Einar Schibevaag)*



Forventar eit klart svar

Ordførar Torleif Dalseide i Ål kommune fryktar at næringslivsaktørar pressar regjeringa i heimfallssaka.

EINAR SCHIBEVAAG

På spørsmål til Olje og energidepartementet om konsesjonslova er unnateke i EØS avtalen har det vore uråd å få eit klart svar.

- Spørsmålet er om me med EØS-avtalen i handa kan visa til formuleringar som kan avvise åtaka mot heimfallsordninga. Dette er heilt sentralt, og spørsmålet er stilt til statsråd Enoksen av fleire, utan at han vil, eller kanskje kan, gje klare svar på.

FORGLØYMING

Komiteen på Stortinget som behandla saka om forholdet til EØS-avtalen, hadde med eit punkt som gjorde det klart at konsesjonslova skulle haldast utanfor avtalen. Mykje tyder no på at denne formuleringa ikkje er komen med i den endelige avtalen mellom Noreg og EØS.

- Er det slik, bør dette bli avklart eller tilbakevist slik at åtaka me no ser kunne få si avklaring.

I Noreg har det vore stor semje i saka. Det er berre Høgre og Framstegspartiet som ikkje har teke eit klart standpunkt om å verna om heimfallsinstituttet.

- Det undrar ikkje meg at det er slik når fleire store og mektige norske næringslivsaktørar og ein del folkevalde arbeider for å ta heimfallsinstituttet heilt eller delvis bort, seier Dalseide.

HYDRO

Reiten i Hydro slo tidlegare i år fast at vasskraft skulle vera ein av dei store satsingsområda for selskapet, og utan heimfallsinstitutt ville det vera endå meir lukrativt, meiner Dalseide.

For oss som meiner at heimfallordninga er verdt å kjempa for er det no viktig å stille krav til regjeringa og Stortinget om å bruke sine lobbyistar og diplomatar til å arbeide for saka i dei aktuelle fora i Brussel. Merksemd og press overfor politkarane er det einaste som hjelper.

For lite press

Leiar i Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK), Børre Rønningen er kjent med at det kan gå mot eit nederlag i ESA i det norske synet på heimfallssaka. No etterlyser han større engasjement frå regjeringa.

EINAR SCHIBEVAAG

Det er lita støtte for synet til LVK i ESA og Rønningen misstenkjer ESA for å nytta denne saka som brekkstang i arbeidet for å innlemma Noreg i EU.

- Gjeldande EØS avtale kan nok gjera det vanskeleg for oss å få medhald i synet vårt, sjølv om me meiner saka vår er så spesiell at det bør vera slik.

BEGGE SIDER

Det er jo interessant å merke seg i denne saka at det langt på veg er våre folk i ESA som skal ta stilling til om heimfallinstituttet slik Noreg vil ha det blir akseptert eller ikkje.

Får ikkje Noreg gjennomslag for synet sitt, er det eit så alvorleg åttak på den norske råderetten over naturressursane landet har, og fleirtalet av innbyggjarane kan kome til at ein må vera med for å påverka det som påverkar norske forhold.

STØRRE ENGASJEMENT

LVK har etterlyst eit større engasjement frå regjeringa i denne saka.

- Noreg er den einaste sikre energileverandøren i Europa. Ein så spesiell situasjon burde vera meir enn nok grunn til å sikre desse resursane slik Noreg ynskjer.

Blir det nederlag må ein kompromisse med ESA for å sikre så mykje som råd av naturressursane.

Heimfall

Retten til heimfall handlar om kven som skal eiga vasskraftressursane i framtida og dermed ha styring med den viktigaste landbaserte næringa i Noreg. Fleire har hevda at EØS-avtalen gjer det umogleg å vidareføre dagens skilnad i behandlinga mellom offentlege og private selskap når heimfall av kraftverk oppstår. Eit forhold fleirtalet i det såkalla Heimfallsutvalet og støtta seg til når dei gjekk inn for full marknadsopning med delvis evigvarande konsesjon.

Ei slik løysing kan føre til eit sterkt salspress i kommunane og det er truleg få kjøparar å finna i Noreg til slike konsesjonar. Til det er dei økonomiske musklane her på berget for små.

Norske naturressursar må sikrast nasjonal kontroll i følgje mindretallet i Heimfallsutvalet, og ressursane bør så langt det er råd vera på norske hender. Dette synet er støtta gjennom dei høyringane som er komne inn. Likevel vil det politiske fleirtalet gå endå lengre i

arbeidet med å sikre eit sterkt offentleg eigarskap, og gå mot ei marknadsopning som fleirtalet i Heimfallsutvalet legg opp til.

No ligg saka til behandling i ESA og eit vedtak vil liggje føre fram på våren 2007. ESA vil ikkje heile ordninga til livs, men vil fjerne forskjellsbehandlinga mellom offentlege og private eigarar av kraftverk.

Fokus på



Større enn Marshallhjelpa

Navet i EU-arbeidet er regionalpolitikken. Bidraga frå Vest Europa til dei nye landa som har kome til i EU er langt større enn den hjelpa USA bidrog med etter andre verdskrigen

EINAR SCHIBEVAAG

Store overføringar går frå den vestlege delen av Europa til dei nye EU-landa i aust. Ein tredjepart av dei midlane Europarådet rår over går til regionalpolitiske oppgåver lokalt og regionalt, seier Diane Wallis som representerer dei liberale i Europaparlamentet.

REGIONALPOLITIKK

Veksten i desse midlane held fram. Den engelske parlamentarikaren fortel at stadig større del av midlane i EU systemet går til lokal og regionalpolitiske tiltak for jamne ut skilnadene som er mellom dei ulike landa i Europa.

Målet er å løfte alle landa slik at inntekta mellom innbyggjarane i Europa blir på minimum 75 prosent av gjennomsnittleg løn.

Og utfordringa har vore og er stor, fortel Wallis og eksemplifiserar det med at lønsnivået i Bulgaria og Romania som blir med i EU frå nyttår ligg på 28 prosent av gjennomsnittleg lønsnivå.

NOREGSVEN

Wallis er ein ven av Noreg fortel ho. Ho kjenner Noreg godt og har i sitt arbeid i parlamentet stort ansvar for den EØS-avtalen som Noreg er ein del av.

Ho har likevel vanskar med å forstå Noreg sin iver etter innføra

EU sine direktiv når landet på same tid er så sterkt i mot å bli ein del av Europasamarbeidet.

- De er ikkje best, men nest best. At Storbritannia er verst er diverre slik landet mitt er, seier Wallis.

Ho meiner Noreg med sin spesielle situasjon som eit rikt land på naturressursar vil ha mykje å tene på å bli med å påverke i dei forhold som vil påverka Noreg sin situasjon.

Og ikkje som no berre adoptera dei føringar me gir dykk. Situasjonen etter at me blei 25 land som er med i EU gjer situasjonen kanskje endå meir komplisert for Noreg.

MANGE VIL PÅVERKA

Og Wallis har merka ein stor auke i nordmenn som vil fremja synet sitt i saker. Aldri før har det vore så mange folkevalde, næringslivsaktorar og representasjonar som vil styre EU i sin favør.

TENESTEDIREKTIVET

No går debatten om tenestedirektivet. Felles for "stemmene utanfrå" (synsmåtane for EØS landa) er mangel på debatt. Viss den kjem i gong startar debatten når saka er komen så langt at det blir vanskeleg å påverka. - Det er ikkje berre for Noreg leggja ned veto i ei sak som denne. Landet må i tilfelle ha dei to andre EØS landa med seg i eit slikt veto skal det bli vedtekte, seier kvinna frå Yorkshire som brukar mykje av arbeidsdagen sin til å formidla kunnskap om EU til nordmenn.




- Eg vonar eg slepp å vera med å feire 20-års jubileet for EØS-avtalen seier kvinna som i Europaparlamentet har eit spesielt ansvar for EØS-avtalen, Diane Wallis.
(Foto: Einar Schibevaag)

Markering av livsverket til forfattaren, journalisten, samfunnsbyggjaren og mennesket Rasmus Løland
Fokus på nynorsk litteratur og kultur for barn og unge

nashornet.no

UNDRANDE OG SKAPANDE

Stiftinga Rasmus Løland-markeringa 2007-2011
Nordenden 2 • 4230 Sand
Tlf 52 79 06 20 • Faks 52 79 06 21 • Lommetlf 957 22 592



Fokus på



Vil auke kunnskapen

Vestlandskontoret er ikkje eit lobbykontor i tradisjonell forstand, men eit informasjons- og rettleiingskontor for alle på Vestlandet. – Og meir kunnskap trengs, meiner Merete Mikkelsen som i dag leiar kontoret

EINAR SCHIBEVAAG

Mikkelsen som nyleg har teke til som direktør ved kontoret har i fleire år arbeidd med europaspørsmål. Ho ser at regionalpolitikk blir viktigare og viktigare i Europa og dermed i EU sitt arbeid.

Denne utviklinga seier og noko om kor viktig rolle kontoret vårt har i å informera og å skape relasjonar mellom regionar i Europa og Vestlandet.

- Me skal ikkje vera eit lobbykontor, men ofte kan det vera ein flytande overgang mellom det å informera og det å byggja relasjonar/lobbyera.

SAMARBEID MELLOM REGIONAR

I sitt tidlegare arbeid som norsk nasjonal ekspert i Europakommisjonen har ho sett at ein i Noreg, men også i enkelte EU land ofte har eit perifert forhold til det som skjer i Europa. Det er forholdsvis lite diskusjon rundt kva slags rolle EU sine vedtak får å seie for norske kommunar og kva for sjansar som ligg i det å samarbeida med regionar i Europa. Her kan vera gjensidig kunnskap å hente i arbeidet med å utvikle egne regionar.

- Kva det internasjonale har å seie for eiga lokal utvikling er ei utfordring å få på dagsorden, meiner Mikkelsen

REGIONAR PÅ Plass

Mest alle regionane i Europa har sine representantar i Brussel. Felles er at dei arbeidar med å fremje samarbeid på tvers av regionar og land, men dei skal og vera observatørar og talerøyr til viktige personar i EU systemet og heim til den regionen ein representerer.

- Norske regionskontor arbeider for å fremja samarbeid om prosjekt i Noreg og regionar i EU, gjennom til dømes partnersøk. Men me prøver og å formidla det som rører seg i Brussel heim til eigen region og omvendt. Me lagar til dømes eit elektronisk nyhende-brev



Merete Mikkelsen styrer Vest-Noreg sitt kontor i Brussel.
(Foto: Einar Schibevaag)

som kjem ut annakvar veke med aktuelt Europastoff.

Mikkelsen fortel at det er store resursar norske prosjekt kan vera med å ta del i.

- Kontoret bidrar i søkjeprosessen med spissing av idear, leitar opp personar som kan bidra ytterlegare eller som formidlar ideen vidare til andre me trur kan bidra best til prosjektet.

SPRÅKTEMA

Språk er viktig i EU. Mest alle landa i Europa har meir enn eit språk i dagleg tale.

Dette resulterte nyleg med at Gælisk er blitt det andre offisielle språket for den irske delegasjonen. Noko som og vil føre til at andre land kjem etter.

Då EU utvida talet på medlemsland var det ein viktig del av kjensla av tilhøyre for dei nye medlemslanda at dei fekk dokument og EU-nettstar på sitt eige språk.

Alle debattar blir omsett til 18 ulike språk når parlamentet diskuterer. Det er viktig at delegatane får høve til å snakke det språket som er rett for dei og som dei kjenner seg mest heime i.

Vest-Noreg Brussel- kontor

Det er seks norske regionkontor etablert i Brussel. Desse er viktige representantar for landsdelen sine interesser.

Kontora representerer ulike organisasjonar: fylke, kommunar, næringsliv og forsknings- og utviklingsinstitusjonar. Det første som blei etablert var Stavanger-regionen sitt europakontor i 1994. Dei andre er:

- Trøndelags Europakontor
- Nord Noregs Europakontor
- Oslo region Europakontor
- Sørlandets Europakontor
- Vest-Norges Brusselkontor AS

Vest-Noreg Brusselkontor har som visjon å fremje interesser og å markera Vest-Noreg som ein region med felles økonomiske og kulturelle band.

Kontorets hovudoppgåver er å:

- 1) Synliggjera regionen som samarbeidspartnar for andre Europeiske regionar
- 2) Vera lyttepost og ei open dør mot institusjonane i EU / EØS,
- 3) Formidla informasjon om det som skjer i EU / EØS av særlig interesse for Vest-Noreg
- 4) Identifisera EU / EØS-program og -prosjekt av interesse for Vest-Noreg

I dag er 14 kommunar (Austreim, Bergen, Eidfjord, Fedje, Fjell, Høyanger, Jondal, Kvam, Lindås, Meland, Sund, Ulvik, Øygarden og Ålesund) med. I tillegg kjem 3 fylkeskommunar (Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal) og Noregs Musikkorps Forbund. Kontoret held til i same bygg som den Norske EU-delegasjonen og den norske ambassaden i Belgia som ligg i Brussel.

Det er i dag tre tilsette ved kontoret, direktør og to prosjektmedarbeidar, i tillegg til et godt utbygd apparat heime som arbeider med spørsmål for Vest-Noreg.

Styret er sett saman slik:

Monica Mæland (Bergen kommune), leiar,
Arve Tonning (Ålesund kommune) nestleiar
Toril Selsvold Nyborg (Hordaland fylkeskommune)
Nils J. Liaaen (næringsliv)
Stein O. Henrichsen (kultur)
Torill Melheim Strand (Møre og Romsdal fylke)
Agnes Landstad (FoU)
Medlemmene betaler 1000 kroner per år pluss fire kroner per innbyggjar

**ABC
Startsida**

Vel www.startsida.no som
di nye startside. Meir info her:

www.startsida.no/egen

Fokus på



Best i klassen -men lite kunnskap

- Me vert overstyrte heile vegen, og gjennom EØS-avtalen har EU fått større innverknad på landet vårt, seier ordførar i Ullensvang herad Solfrid Borge (Sp).

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND

- Det er viktig å setja fokus på kor lite kunnskap me som kommunepolitikarar eigentleg har om ulike EU-regulativ og korleis det styrer kvardagen vår, held ho fram.

BEST I KLASSEN

Noreg er i EU kjent for å vera best i klassen når det kjem til fylgja opp og iverksetja lover og nye krav frå EU. Dette er Borge samd i og ho understrekar at det er viktig at Noreg set ned foten og synleggjer korleis me vil ha det i landet vårt. -Me kan ikkje la oss styra av direktiv frå EU heile tida, seier ho.



- Me kan ikkje la oss styra av direktiv frå EU heile tida, seier ordførar i Ullensvang Herad, Solfrid Borge (Arkivfoto: Norsk Plan)

OFFENTLEG SEKTOR

- Offentleg sektor er ikkje klar over kva konsekvensar eit EU-medlemskap vil ha for mellom anna vatn og avløp, understrekar Borge. Tenk på vassressursane våre som er grunnfjellet for oppbygging av store delar av landet vårt, held ho fram.

I ein distriktskommune som Ullensvang har dei erfaring med å ta omsyn til regulativ som er fastsette i Strasbourg.

Ullensvang og Hardanger har nyleg fått gjennomslag for å få bygd Hardangerbrua og i den samanheng måtte dei ta ulike hensyn til EU-direktiv.

KONKURRANSEUTSETJING

Eit anna døme er når stat og kommune opprettar nye arbeidsplasser.

- Her må ein ta hensyn til EU-direktiv i forhold til konkurranseutsetjing, understrekar Borge. Elles har Ullensvang lagt til rette for produksjon av nytt flaske-



Noreg er i EU kjend for å vera blant dei ivrigaste til å iverksetja nye regulativ frå Strasbourg. Men kjenner kommunepolitikarar godt nok til konsekvensane? (Illustrasjonsfoto: EU.com)

vatn og i den samanheng må dei retta seg etter direktiv frå EU når det kjem til avgjerder som gjeld kai og veg m.m.

KVIFOR MOTSTAND?

På spørsmål om kvifor det er så stor motstand mot EU i Noreg svarar Borge

at det er fordi EU er ein stor maktsektor som me ikkje kjenner godt nok. Vidare vil me ha kontroll over ressursane og landet vårt sjølve, seier ho.

- EU-problematikken er med oss heile vegen, avsluttar ho.

FrP

- Ikkje interessert i EU

Det er ikkje alle som ynskjer å forhalda seg til det faktum at Noreg er med og toppar lista over dei landa som er ivrigast med å setja i verk nye regulativ frå Brussel og Strasbourg.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND

På spørsmål som gjeld forholdet mellom EU og kommunepolitikk svarar ordførar i Austevoll kommune, Helge Andre Njåstad (FrP) at han ikkje har særskilde

synspunkt på dette då EU-spørsmål ikkje er det som opptar han mest politisk.

IKKJE DEL AV KOMMUNEPLANAR

Mange kommunar er midt i prosessen med rullering av kommuneplanar i desse dagar. Ein epostrunde til LNK-kommunar i landet syner at EU-spørsmål er så og seia fråverande som tema i kommuneplanane. Mykje tyder på at det er mangel på kunnskap og ikkje mangel på vilje som gjer at kommunepolitikarar ikkje har sett Europaspørsmål på dagsorden.

Notis

Posten – lovar og lyg?

Posten Norge AS leverer svært mykje trykt materiale på bokmål, sjølv på postkontora som ligg i nynorske kjerneområde. Dette har ergra mange av kundane til Posten, og ein av kundane, Jakob Thingnes, har ergra seg så mykje at han fleire gonger har forsøkt å få Posten til å endre praksis. I februar 2005 skreiv LNK-avisa om Thingnes sin kamp for nynorsk på postkontoret, og då lova Posten å "søkje å forbetre seg i forhold til sine nynorske kundar".

Halvtanna år seinare har Jakob

Thingnes ikkje merka nokon skilnad i kundehandsaminga, og han har difor sendt brev til Posten Norge kor han etterlyser endringa som blei lova.

- Eg er medviten om at omlegging av rutinar tek tid, men nå har det gått over halvtanna år og då er spørsmålet mitt: Kor langt har de kome? spør Thingnes.

LNK-avisa lovar å følgje saka vidare.

• ARE KALVØ • RAGNAR HOVLAND • ARTIKLAR
• PER OLAV KALDESTAD • OLA A. HEGGDAL •
BOKMELDINGAR • ARNT BIRKEDAL •
SYNNØVE MACODY LUND • NYHENDE •
JON PEDER VESTAD • BORGHILD
GRAMSTAD • RAGNFRID TROHAUG •
SYNSINGAR • MARIANNE MAGNUSSEN
• HANNA MARIA NILSEN •
FILMMELDINGAR • ROALD KALDESTAD
• ANNA HELLEVANG • SKRIVEKLØE •
LARS MÆHLE • JON HJØRNEVIK •

WWW.MAGASINETT.NO



Einaste intelligente
nynorske nettstaden
for ungdom



Eit kulturelt lappeteppe

- Det er heilt vanleg å ha fleire språk i eit land. Island er det einaste landet i heile Europa som berre har eitt språk, fortel Sigve Gramstad, avtroppande leiar av ekspertkomiteen for den europeiske språkpakta.

RAGNHILD MARGRETHA TARANGER

Ekspertkomiteen ligg under Europarådet, og arbeidet deira er i hovudsak å vurdere rapportane medlemslanda må sende inn kvart tredje år.

Komiteen gir så anbefalingar til ministerrådet om kva tilrådingar som skal givast til det enkelte landet for at dei skal kunne verne minoritetsspråka sine best mogleg. Dei er i kontinuerleg kontakt med styresmaktene i landa og med ministerrådet, og sikrar slik at det heile tida er fokus på spørsmål om minoritetsspråk.

Nokre og tjue land har slutta seg til den europeiske språkpakta, som skal sikre vern av minoritets- og regionsspråk. Pakta vernar språk på to måtar: Ein generell del gir alle minoritetsspråk i landet vern, i tillegg kan særskilt nemnde språk få spesielt vern. Noreg har slutta seg til pakta med særlege reglar for samisk. I tillegg gjeld pakta for romani, romanes og kvensk.

KVENSK, ROMANI OG ROMANES

- Romanes er språket for Romafolket (sigøyningarane), medan romani er språket for dei reisande (taterane). Somme land ser på desse to språka som variantar av det same språket, fortel Gramstad.

- Kvensk har utvikla seg frå finsk gjennom finsk innvandring til Noreg, og blei etter kvart eit eige språk etter påverking frå norsk og samisk.

Av dei tre språka er det kvensk som kan sjå ut som det har best kår i dag.

- Ein har sett ei oppblomstring av det kvenske språket etter at dei blei godkjent som minoritetsspråk, fortel han. - Men det er mykje nybrottsarbeid som skal til for at språket skal bli synleg. Ein må jobbe med å utvikle terminologi, vinna att domene og etablere språket på nytt.

Inntil vidare blir den finske stavemåten brukt, sjølv om språket har fjerna seg ganske mykje frå finsk opp gjennom historia.

- Kvensk har vore skrive tidlegare, så det finst skriftlege kjelder ein kan bruke. Men på eit tidspunkt forsvann skriftspråket i fornorskingsprosessen, seier Gramstad.

POPULÆRT STUDIUM

Ein kan i dag studere i kvensk språk, kultur og litteratur på universitetet i Tromsø, eit tilbod som har synt seg å bli mykje meir populært enn ein hadde sett føre seg. Rett før jul i 2005 opna Kvensk Institutt i Børselv i Lakselv kommune. Instituttet jobbar med å synleggjere språket og kulturen.

Noreg har ikkje ratifisert pakta for nynorsk.

- Ein kan sjå på nynorsken som ein variant av det offisielle språket, nemleg norsk, som har to målformer. Eit land kan ratifisere for mindre brukte, offisielle språk, men det har altså ikkje Noreg gjort, forklarar Gramstad.

Kring 60 europeiske språk er verna av språkpakta, men språksituasjonane



Sigve Gramstad har vore leiar av ekspertkomiteen for den europeiske språkpakta i åtte år. (Foto: NPK)

er langt fleire. Til dømes er tysk verna som minoritetsspråk i mange land, som til dømes Danmark, Slovakia og Ungarn. Om lag 30 millionar minoritetsspråkbrukarar får vern av språkpakta.

MANGFALD ER VIKTIG

- Det politiske grunnlaget for konvensjonen er ei brei semje i Europa om at kulturelt og språkleg mangfald er viktig, meiner Sigve Gramstad. - Det er det kulturelle mangfaldet som er den euro-

peiske identiteten. Dette er ei erkjening om at viss du kjem frå ein kultur, så har du ein rett til den kulturen. Europa er eit lappeteppe av språk og kulturar, og det er brei politisk støtte for at ein må kjenne sin eigen bakgrunn for å kunne delta i ein større samanheng.

Notiser

Ønskjer ikkje «euro»

Fleire land i EU ønskjer å halde på sine eigne skrivemåter for den felles europeiske valutaen euro. Mellom andre Belgia kjempar no for å halde fram med å skrive «evro», i staden for «euro», fortel Standpunkt. Dette har vore den belgiske skrivemåten sidan 1995, fortell EU Observer. Også på Malta og i Latvia har dei kravd å få skrive «ewro» og «eiro». I det latviske språket er «euro» ikkje-eksisterande.

ECB og Eu-kommisjonen ønskjer ikkje å tillate lokale skrivemåtar for euro.

Sverige best på demokrati

Sverige er nærmast eit perfekt demokrati. Det kjem fram etter at Economist Intelligence Unit har gjort ei undersøking om den demokratiske tilstanden i 167 land. Nummer to på lista er Island, så følgjer Nederland, Noreg og Danmark.

Undersøkinga har sett på valprossar, korleis styres-

maktene fungerer, politisk deltaking, politisk kultur og sivile rettar, melder EIN news.

Undersøkinga har delt landa inn i tre kategoriar: Fullt demokrati, ufullkomne demokrati, hybrid-regime (delvis demokrati) og autoritære regime. Viss ein ser på undersøkinga i ein EU-samanheng, vil ein sjå at 17 EU-land er mellom dei som har fullt demokrati. Her finn ein mellom anna England og Frankrike på 23. og 24. plass.

Grunnen til at England skårar så pass lågt, er at dei har «den dårlegaste politiske deltakinga i den utvikla delen av verda». Frankrike er på si side ikkje så gode på styresett, politisk deltaking og politisk kultur.

Dårlegast av EU-landa er Slovenia som er på ein delt 27. plass. Undersøkinga syner og at det er store skilnader mellom EU-land frå aust og vest.

Heile lista finst på http://www.economist.com/media/pdf/DEMOCRACY_INDEX_2007

Europa kan spare milliardar

Ein eigen handlingsplan for energieffektivitet syner at Europa kan minske dei direkte omkostningane med energiforbruk med over 10 milliardar euro fram til år 2020. Det seier Europa-Kommisjonens energikommisær Andris Piebalgs. Handlingsplanen inneheld 75 direkte tiltak som kan forbetre energieffektiviteten gjennom til dømes å gjere apparat, bygningar, transport og el-framstilling meir effektive.

Øyder energi

Det blir og foreslått å innføre strengare effektivitetsstandardar, å fremje energitenester og særlege finansieringsordningar til støtte for meir energieffektive produkt.

Minst 20% av den energien Europa brukar blir øydt vekk. Kommisjonen ser energisparingstiltaka som ein lekk i kampen for å kjempe mot klimaendringar. – Samtidig kan me avgrense Europas stadig veksande energiforbruk og avhengigheita av import av fossile brennstoff, seier Piebalgs. – Viss me grip inn no kan me redusere CO2-utsleppa med 780 millionar tonn i året.

Fokus på



EØS er kommunalpolitikk



EU er blitt det fjerde forvaltningsnivået. Men kjenner norske kommunar til den rolla EU spelar for den norske kommunekvardagen? Åse Erdal som arbeider ved KS sitt EU kontor meiner at kunnskapsnivået er lågt i norske kommunar.

EINAR SCHIBEVAAG

Kommunane kjenner til innkjøpsdirektivet norske kommunar må halda seg til. Men som oftast stoppar kunnskapsnivået også her, fortel Erdal.

Spørsmål som gjeld Europa får liten plass i den kommunale kvardagen. Påstanden frå Åse Erdal er at dei folkevalde i liten grad kjenner den rolla EU sine vedtak i Brussel og Strasbourg spelar for løysinga av kommunale oppgåver lokalt.

- Det er nok å nemne forhold som gjeld vasskvalitet, avløpsproblematikk og arbeidsgjevarpolitikk, seier Erdal.

Målet gjennom Europakommisjonen sitt arbeidsprogram for 2007 er nå å modernisera den europeiske økonomien og å setja Europa i stand til å svare på utfordringane med globaliseringa. Fleire av desse emna som står i arbeidsprogrammet vil, via EØS-avtalen, få mykje å seie for norske kommunar, meiner ho.

Dette gjeld blant anna initiativ innan offentlege tenester, helse og energi.

ENERGI OG TRANSPORT

Kommisjonen skal leggja fram sin første strategiske gjennomgang av energipolitikken i Europa. Vidare skal ei grønbok (tilsvarande ein NOU) vise EU sine utfordringar i kampen mot klimavandel og kome med framlegg til korleis Kyoto-avtalen om CO2-utslipp skal avløysast når den går ut i 2012.

HELSE OG SOSIAL

Kommisjonen vil koma med ei Kvitbok (tilsvarande Stortingsmelding)

om helsestrategi. Ho skal vise kva EU kan gjera for å gjera livet til EU-innbyggjarne betre. For sosiale tenester blir det lagt fram eit eige strateginotat.

UTANRIKSPOLITIKKEN

Dei utanrikspolitiske aktivitetane til kommisjonen skal konsentrera seg om EU-utvidinga, frihandel i global målestokk, Den europeiske nabo- og samarbeidspolitikken (European Neighbourhood Policy) og forhandlingane med viktige strategiske partnarar som Russland, Kina og Ukraina.

KOMMUNIKASJON

Når det gjeld arbeidsmetoden, vil Kommisjonen satsa konsekvent på økonomiske, sosiale og miljømessige konsekvensanalysar. Eit anna viktig punkt er offentlege høyringar, som til ei kvar tid skal involvera eit breitt publikum, inkludert interesserte innbyggjarar, i EU sin avgjerdsprosess.



Arbeidsprogrammet inkluderer elles for første gong ei liste over prioritetar for kommunikasjonen med EU-innbyggjarane. Altså alle forhold som får mykje å seie for innbyggjarane i Noreg gjennom vår EØS-avtale fortel Åse Erdal.

- Dette fortel oss kor viktig det er at kommunal interessepolitikk blir driven i Brussel.

(Foto: Einar Schibevaag)

Inngang til EU-parlamentet i Strasbourg (foto: Einar Schibevaag)

KURS- OG KONFERANSEHOTELLET!

Sentralt plassert blant alle Nynorsk-kommunar i Sør-Noreg!

Nytt SPA åpner april 2006!

8 suiter - alle med unik innredning! 101 hotellrom! 15 familierom. 2 rom med dør mellom.

Heile 4 kurs- og møterom med

*LNK-landstinget
gav terningkast 6 på
mattilbudet vårt!*



www.rauland.no

Telefon: 35 06 31 00 - Telefaks: 35 07 35 77

park inn
REZIDOR SAS
Rauland Høgfjellshotell

Fokus på



Å ha eit europeisk fokus



For å sikre eigen landbruksproduksjon arbeidde Noreg for å halda oppe spesielle tollsatsar på import av matvarer. Då Sverige vart klar over at dette ville råka eigen industri sette dei foten ned i EU og Noreg tapte på ny ei viktig sak som har konsekvensar for Noreg, fortel Frisvold. (Foto: Einar Schibevaag)

Kva som er bra for Europa i staden for å ha einssidig fokus på kva som er best for Noreg er vegen å gå, seier Paal Frisvold som leiar Europakontoret i Brussel.

EINAR SCHIBEVAAG

Frisvold har tidlegare mellom anna arbeida for norske styremakter for å påverke norske interesser i utforminga av europapolitikken gjennom Noreg sitt forhold til EØS regelverket.

25 BESTEMMER OVER NOREG

Han meiner i dag at Noreg langt på veg har overlete til 25 andre land å bestemme forhold som regulerer utruleg mange forhold i Noreg. Han synest å registrera at kunnskapen om EU sitt arbeid er alt for liten i Noreg.

- Eg trur det er få som faktisk veit kor mykje av kvardagen vår som blir regulert av EU systemet utan at Noreg sjølv har reell medverknad til å setja kursen.

EØS ER EU

Norske styremakter prøver naturleg nok med den parlamentariske situasjonen landet har, å gje eit inntrykk av at EØS-avtalen dekkjer dei behov landet har i sitt samkvem med Europa. Frisvold sitt synspunkt er at Noreg i praksis er sett på sidelinja og godtek det som kjem frå kommisjonen.

I utgreiingsfasen kan Noreg påverka retninga på prosessen og når EU-kommisjonen sender sine framlegg ut til behandling.

- Men så er det og slutt. I avgjerdsfasen, som er lang, er Noreg sett totalt på sidelinja. Då er det medlemslanda sine interesser som tel, og viss norske interesser står i vegen for eigne har Noreg tapt.

IKKJE HAGA

Frisvold trekkjer fram saka om differensiert arbeidsgjevaravgift. Når Åslaug Hauga fortel det norske folk at det er regjeringa som er årsak til at ordninga held fram etter deira arbeid i Brussel, så er det feil.

I beste fall er det den førre regjeringa som skal ha honnør for at dei fekk fram mykje informasjon om ordninga. Dette gjorde at eit av dei andre og nye landa i EU samarbeidet såg at denne ordninga kunne vera teneleg for deira land sine utfordringar.

NOREG ER IKKJE MED

Han går vidare og trekkjer fram saka om Gassdirektivet. Ei viktig sak for Noreg, men trass i den store betydninga denne saka har for Noreg er debatten fri for norske konsekvensar av direktivet framme.

I desse dagar snakkar utanriksminister Gard Støre om forholda for Nord-områda utan at nokon i EU systemet synes å høyra på han.

- Grunnen er at det ligg utanfor det området europasamarbeidet har fokus på. Altså at det er andre land i EU-samarbeidet som er opptekne av dei same spørsmåla.

Langstrakt land, offentleg sektor og krig

Det er grunnane til at Noreg står utanfor EU samarbeidet, meiner Paal Frisvold. Han har arbeidd lenge med spørsmål som omhandlar EU og Noreg for å fremje norske synsmåter i EU systemet. For norske styresmakter, Bellona og næringslivet for å nemna nokre.

På direkte spørsmål om kvifor han meiner det norske folket har vald å stilla seg utanfor EU-samarbeidet ramsar han opp tre grunnar;

KRIG

Noreg var ikkje med i 1. verdskrigen. For mange i Europa starta Europasamarbeidet med vona om å redusera faren for nye krigar. Svært mange familiar i Europa har ein eller fleire medlemmer av familien som har enda livet sitt på kyrkjegarden på grunn av ein eller fleire krigar. Faktisk har det vore så viktig for einskilte land at dei faktisk ikkje har røysta om dei skulle gå inn i EU eller ikkje.

LANGT LAND

Noreg er eit landstrakt land og det norske lynne har heile tida vist ein aversjon mot maktkonsentrasjonar, sjølv om kanskje Noreg er eit av dei mest sentralistiske maktutøvande landa i Europa. I Europa er det lang større tradisjon for å gje makt ut til regionale forvaltningsnivå enn tilfelle er i Noreg.

OFFENTLEG SEKTOR

Noreg har svært mange engasjerte i offentleg sektor.

- Me er det landet som har flest i prosent sysselsette i denne sektoren samanlikna med andre europeiske land. Dette i tillegg til at frykta for at oppgåver skal flyttast, og bli avgjort i Brussel er nok og medverkande til den skepsisen som rår, seier Frisvold.

Likevel trur han kunnskapen om Europasamarbeidet i Noreg er ei svært viktig årsak til den skepsisen som rår. Medan media i Europa er svært opptek-

ne av den politiske prosessen som finn stad i Europaparlamentet er det norske mediemiljøet mest fråverande.

- Og det trass i at dei vedtaka som blir utført her har direkte konsekvens for den norske kvardagen.

I dag er det berre Island, Liechtenstein og Noreg som ikkje er med i EU men med i EØS. I tillegg står Sveits også utanfor EØS avtalen.

Notis

EU i norske kommunar

Europakommisjonen sitt arbeidsprogram for 2007 har ei rekkje moment som kan vere viktig for norske kommunar. Mellom anna skal kommisjonen leggje fram si første strategiske gjennomgang av den europeiske energipolitikken. Det vil og kome ei utgreiing som ser på korleis EU kan handtere klimavandelen etter at Kyoto-avtala om CO2-utslepp går ut i 2012.

På helsesida vil kommisjonen kome med ei Kvitebok (tilsvarande Stortingsmelding) som syner korleis EU-nivået kan bidra til å gjere livet til EU-borgarane betre. Det skal og legjast fram eit strategipapir for sosiale tenester.

Arbeidsprogrammet inkluderer elles for første gong ei liste over prioritatar for kommunikasjonen med EU-borgarane.

Heile arbeidsprogrammet finst på http://ec.europa.eu/atwork/programmes/index_en.htm.

PORTRETTE

– Bra for Vestlandet,

Dei milde gåvene deira når fram til bortgøymde scenar og fjerne fotballbanar. Men BKK og Sparebanken Vest støttar ikkje det frivillige Vestlandet berre for å vera greie.

MARIE HAUGE

BKK og Sparebanken Vest er engasjerte i Bergen scenarier 2020. No tek dei erfaringane frå visjonsarbeidet i vestlands-hovudstaden med seg til andre delar av landsdelen. I oktober var dei to selskapa med og skipa Hardangerkonferansen 2006 i Ullensvang, og Sparebanken Vest var medarrangør på Vestlandskonferansen i Ålesund i slutten av september.

Samarbeidet i Ulvik har gjeve meirsmak, og informasjonssjefane i dei to selskapa ser for seg liknande konferansar i framtida. Kan to pluss to bli fem pluss i Bergen, slik ambisjonane er for Bergens-scenariet, bør det same vera mogeleg å få til på resten av Vestlandet. Hardanger er mobilisert, nye regionar kan venta seg ein invitt.

– Verksemdene på Vestlandet lever i eit skjebnefellesskap. Vi utviklar oss i denne regionen og det er her vi skal ekspandera. Då er det i vår interesse å samarbeida om å skapa best mogelege bu- og levevilkår på Vestlandet, seier informasjonsdirektør Jørn Lekve i Sparebanken Vest.

– Målet er å inspirera til større samarbeid på tvers av bransjar og geografiske grenser, legg informasjonssjef Juliet Balgobin frå BKK til.

BYRJA I DET SMÅ

Sparebanken Vest og BKK har lang historie på Vestlandet. Det byrja med små kommunale kraftverk og lokale sparebankar for meir enn hundre år sidan. I dag er BKK det nest største

nettselskapet og den femte største kraftprodusenten i Noreg. Sparebanken Vest er landets tredje største sparebank.

Dei to selskapa fører kvart år store summar attende til samfunnet. I fjor vart eit utbyte på over 600 millionar kroner utbetalt til dei 17 eigarkommunane i BKK. Verksemda brukar dessutan eit tosifra millonbeløp på allmennyttige føremål. Sparebanken Vest har nedfelt i vedtektene at så mykje som råd av overskotet skal gå til allmennyttige føremål. Slik lovverket fungerer i dag, betyr det at ein fjerdedel av resultatet – etter at eigarane og staten har fått sitt – går til den gode saka. Førre året vart 65 millionar kroner dryssa utover små og store lag, kystkulturen, gründarar, forskarar og humanitære organisasjonar, for å nemna nokre.

KONKURRANSEFØRTRINN

Dei glade gjevarane innrømmer at det ikkje berre er rein godskap som er drivkrafta. Ei korpsmor som skal velja breibandsleverandør og ein fotballfar på kikk etter ny bank smiler truleg gjenkjennande til BKK- og Sparebanken Vest-logoane. Tillitsvald i korpset ein dag, kunde i banken dagen etterpå.

– Allmennytte, men også eigennytte, konstaterer Jørn Lekve. Støtten til det frivillige lags- og organisasjonslivet på Vestlandet gjev dei to selskapa eit kontaktnett heilt ned på grasrotnivå. Det er eit viktig konkurranseføretrinn. Samfunnsdeltakinga vert spegla att i høg tillit hos kundane.

– Engasjementet hjelper oss til å forstå det lokale næringslivet og den enskilde kommunen, seier Juliet Balgobin.

At det å utøva samfunnsansvar er god butikk, er det fleire enn BKK og Sparebanken Vest som har merka seg. Både Balgobin og Lekve opplever at fleire bedrifter ser verdien av å investera i ikkje-kommersielle tiltak. Det er ein trend dei trur berre vil auka dei komande åra.

BLØMING OG RØTER

Dei to verksemdene har sine hovudkontor i Bergen, men definerer seg som Vestlandsbedrifter. Og Vestlandet har nok av utfordringar å by på.

– Vestlandet står for tre fjerdedelar av verdiskapinga i landet, det er den viktigaste landsdelen for eksport, ein internasjonalt retta region med framtidige vekstsnæringar, ramsar Jørn Lekve opp.

Ambisjonane er på Vestlandet, men når kundane veks nasjonalt og internasjonalt følgjer dei to verksemdene med.

– Vi kan bløma andre stader, men røtene våre er på Vestlandet, avsluttar Juliet Balgobin.



Namn: Jørn Lekve
Alder: 44
Stilling: informasjonsdirektør Sparebanken Vest
Best i vest: lidenskapen
Verst i vest: framkoma
Favoritt-vestlending: stiftarane av SK Brann



Namn: Juliet Balgobin
Alder: 41
Stilling: informasjonsdirektør i BKK
Best i vest: mulighetene
Verst i vest: framkoma
Favoritt-vestlending: Christian Michelsen

bra for oss



*KRAFT OG KRONER: Juliet Balgobin fra BKK og Jørn Lekve frå Sparebanken Vest ynskjer meir samarbeid mellom bedrifter og institusjonar på Vestlandet.
(Foto: Marie Hauge)*

Språkråd



*Jan Olav Fretland - førsteamanuensis i norsk
- medlem av Norsk språkråd.*

Kjært fjell har mange namn

Eg sat og las her ein kveld om at eskimoane, eller inuittane som er det rette namnet no, har meir enn 30 namn for snø. Imponerende, tenkte eg, den slår ikkje me. Grønlands innbyggjarar er heilt avhengige av snøforholda, og må kunna beskriva alle nyansar av snø. Men så slo det meg at me kanskje kan konkurrera, når me ser på omgrep som har vore livsviktige for oss opp gjennom hundreåra. Eg slo opp i stadnamnboka for Lærdal og såg på lærdølen sitt tilhøve til haugar og fjell. Her kjem eit knippe av språkrikdommen (og det er berre eit utsnitt):

Fyrst har me dei litt allmenne omgrepa: fjell og ås og berg. Det har no dei fleste. Men så kan jo dette fjellet vera spisst. Då finn me gjerne ein nut, eller ein tind eller ein pigg. Er toppen rund, finn me derimot ein hovde, ein nakke, ei nos, ein koll, kanskje og ein liten klant eller ein holt innimellom. Kanskje er det andre former på fjellet me vil ha fram, då finn me kanskje ei nipe eller eit horn, som og blir kalla skjørel i Lærdal. Men så kan fjellet vera som ei skråning oppover. Er det då kvasst, blir det ei egg, men er det rundt, blir det ein rygg. Viss det då ikkje blir ein rind, eit ris, ein kamb, kanskje til og med ein skut. For å komma opp dit, må du gjerne forsera mange bakkar, lier, hall, brekker, galdar og kanskje ein hals. Og flatar det endeleg litt ut, kjem du til eit res eller ei flå, til det blir heilt flatt, og du kjem på ein flat, ein hjell eller ein pall.

Men det går også unnabakke mellom fjella og ned frå fjella. Eit skar er ein ting, men slett ikkje det same som ei skor. (Visste du forresten at skor kjem av same ordet som det engelske fotballuttrykket å skåra eller scora?) Det kan bli så bratt at du finn ei gyttå og ei(t) gjel og eit juv. Slike namn varslar at du må sjå deg for.

Knuppen på doloket er desse småe haugane me finn så mange av rundt oss. Der høyrer me nesten at det er snakk om trivelege stader, kjælna konsonantar pakkar seg rundt vokalane: haugen, nabben, rabben, knubben, knabben, knuppen, kulten, og til og med knulteren. Ein høyrer nesten at sauesankaren eller slåttekaren er kommen vekk frå gjeli og skori og til mildare og slakare lende.

Vel, dette var 45 namn berre i Lærdal. Var det nokon som sa me er språkfattige?

DEI SISTE TI ÅRA HAR VI HAUSTA MEST OG ETE MINST!

Dei fleste av kundane våre lever nøkternt i kvardagen. Derfor er det viktig at pensjonsleverandøren et minst mogleg av pengane som skal sparast til framtidige pensjonar. KLP kan dei siste ti åra vise til:

- dei lågaste administrasjonskostnadene i bransjen
- ingen utgifter for kundane til leige av eigenkapital
- høgast verdijustert avkastning

Fleire kommunar har derfor tapt millionar på ikkje å ha pensjonsordninga si i KLP. Er du oppteken av økonomi, vel du den leverandøren som gir deg god avkastning, og som et minst av pengane dine.

www.klp.no

 **KLP
FORSIKRING**
For dagane som kjem



KOMMUNANE SIN SAMARBEIDSPARTNAR

- Me finansierer lokale løysingar

- skular
- barnehagar
- fritidstilbod
- omsorgsboligar
- sjukeheimar
- andre gode tiltak i din kommune

 **Kommunalbanken**
- Størst i kommunal sektor

www.kommunalbanken.no
telefon 21 50 20 00

Noregs beste kommune

Full barnehagedekning, småjobbsentral for ungdom og aktivitetshus med blant anna rockeverkstad. Vågå er den beste kommunen å bu i for barn og ungdom.

RAGNHILD MARGRETHA TARANGER

31. oktober blei Vågå kommune i Oppland kåra til den beste barne- og ungdomskommunen i Noreg. Korleis greidde dei det? Og er det dei vaksne som seier det, eller har dei spurt barna som bur i Vågå?

- Nøkkelen til suksessen er nettopp at vi tar med barn og unge på råd, fortel rådmann Tor Arne Gangsø. Han er svært stolt over utmerkinga.

LANGSIKTIG SATSING

Men å bli best i klassen som oppvekst-kommune skjer ikkje utan innsats.

- Dette er eit resultat av ei langsiktig satsing på oppvekstvilkår, fortel rådmannen.

HØYRER PÅ DEI UNGE

Kommunen har også eit veldrive ungdomsråd og legg vekt på å høyre på barn og unge.

- Det er dei som er framtida vår, og vi vil jo at dei skal ha ei positiv oppleving av å bu her, slik at dei helst flyttar tilbake hit etter å ha forlate bygda for å ta utdanning. Vi får gode tilbakemeldingar frå ungdommane, seier Gangsø nøgd.

- Ungdomsrådet i kommunen får alle sakspapira til kommunestyret, dei kjem med høyringsutsegner og har også høve til å møte på kommunestyremøta når det kjem opp saker dei vil engasjere seg i.

VIKTIG MED VENER

-Til dømes engasjerte ungdomsrådet seg sterkt då vi hadde oppe ei sak om skulestruktur. Det kom fram at for ungdom-

mane er det viktigare å ha fleire vener å velje mellom på skulen, enn å ha kort skuleveg til ein liten grendeskule. Dette førde ikkje til at grendeskulane blei nedlagde, men vi fekk ein meir nyansert debatt, og politikarane måtte tenkje om igjen, fortel rådmannen.

Kommunen har og ein eigen ungdomsmedarbeidar, noko som er uvanleg for ein såpass liten kommune. Denne personen er kontaktperson for ungdommen, sekretær for ungdomsrådet, og har ansvar for allaktivitetshuset.

INTERNETTKAFÉ OG DISKOTEK

Allaktivitetshuset rommar ungdomsklubb, kulturskule, internett-kafé, spelerom, rockeverkstad, diskotek, danselokale og hobbyverkstad. - Huset er drive mykje på ungdommen sine premisser. Det var også ungdommane sjølve som pussa opp den gamle framhaldskolen, som vi bestemte oss for å lage aktivitetshus av i staden for å rive han.

Vågå er ein liten kommune med omlag 3700 innbyggjarar. Folketalet går ikkje akkurat opp, men Vågå har i alle fall den minste nedgangen i Nordgudbrandsdalsregionen. Den største utfordringa for kommunen er å skape arbeidsplassar. - Å skaffe folk arbeid er arbeidsoppgåve nummer ein for oss framover. Det nyttar jo ikkje med barnehageplassar og ungdomsklubbar viss ikkje foreldra til barna har noko å leve av. Men også på den fronten er det håp å spore i Vågå.

- ICA Norge flytta hovudkontoret sitt frå Sensen i Oslo til Vågå. Og Folkekulturforbundet har også kome hit, lokka av stabil arbeidskraft, lågare arbeidsgivaravgift og lågare kostnader, seier Gangsø.

EIN VIKTIG RESSURS

Til andre kommunar som ikkje er like vellykka på barne- og ungdomsfronten, har Tor Arne Gangsø berre eit råd å gi. - Ein må tore å lytte til barn og ungdom. Dei evner å utfordre det etablerte systemet, og det er ein viktig ressurs for eitkvart samfunn.



- Ein må tore å lytte til barn og ungdom. Dei evner å utfordre det etablerte systemet, og det er ein viktig ressurs for eitkvart samfunn, meiner rådmann i Vågå, Tor Arne Gangsø. (Foto: Arve Danielsen/Fjuken)

Visste du at det einaste nynorsk-hotellet i Oslo også er nyrenoverert?

Alle tilsette i LNK-kommunar får sjølv sagt LNK-pris. Frå 730,- per natt og Flybussen rett til døra!



Velkommen til kulturhotellet i Oslo sentrum!



Hotell Bondeheimen

Rosenkrantzgate 8, 0159 Oslo
Tlf: 23 21 41 00
booking@bondeheimen.com
www.bondeheimen.com

Ivar Aasen • tunet

Nynorske julegåver



Cappuccino- / tekoppar og tekstilar med Ivar Aasen-skrift

Dei spesielle julegåvene med nynorskvri finn du i butikken i Ivar Aasen-tunet

www.aasentunet.no/butikk
admin@aasentunet.no
70 04 75 85

Nynorsk kultursentrum:

- Me svarar ikkje på bokmål

- Statlege organ tar ikkje mållova alvorleg, seier direktør Ottar Grepstad i Nynorsk kultursentrum. – Då må det vere rom for negative sanksjonar. I eitt år vil no Nynorsk kultursentrum la vere å svare på skriv frå statlege organ som ikkje kjem på nynorsk.

TOYNI TOBEKK

I fjor gjorde Språkrådet på initiativ frå Nynorsk kultursentrum ei undersøking av statlege nettstader som synta at berre 12 av 173 av dei følgjer Mållova. Jamt over syner statlege organ og departementa liten respekt for mållova sitt pålegg om at ingen av målformene skal vere representerte med mindre enn 25 prosent.

REFORMERT LOV

- Me har å gjere med eit forvaltningsapparat som ikkje tar mållova alvorleg, seier Grepstad til LNK-avisa.

I den sjette årstala si om tilstanden for nynorsk skriftkultur tok han opp dette problemet, og han sa mellom anna at "mållova må få eit vidare verkeområde og gi rom for negative sanksjonar". Ei undersøking LNK og Nynorsk kultursen-

trum har gjort, syner at 35% av nynorsk-kommunane ikkje er nøgde med måten staten praktiserer mållova på.

LITEN RESPEKT

Mållova frå 1930 påla alle med tenestepost eller embete i staten å nytte "liksovel nynorsk som bokmål i skriftleg handsaming av saker som høyrer tenesta til...". Lova gjorde likevel eit unntak for alle som var fødde før 1905, og det gjekk såleis heilt fram til 1975 før lova vart gjeldande for alle som jobbar i statsforvaltninga. - Trass i alle lovbrøt var likevel mållova med og gjorde nynorsk til ein del av den norske kvardagen, seier Grepstad.

- Kultur- og kyrkjedepartementet har all ære av at dei i eit brev til alle leiarar i statsforvaltninga i mars i år har gitt klar beskjed om at det er ein del av tenesteplikta å følgje mållova, og at dei har to år på seg til å følgje opp mållova til punkt og prikke. Dette gler vi oss til å følgje med på, seier Grepstad.

SLUTT PÅ BOKMÅL

Nynorsk kultursentrum har sjølv bestemt seg for å berre fylle ut og svare på skjema og skriv som kjem på nynorsk. - Skriv frå staten som kjem på bokmål blir ikkje svart på, seier Grepstad.

Ansvarlege departement blir i staden gjort merksame på kvifor Nynorsk kultursentrum ikkje vel å svare, og dei



Ottar Grepstad og Nynorsk kultursentrum er lite imponerte over statsforvaltninga si handtering av mållova. (Arkivfoto: Einar Schibevaag)

blir bedne om å utarbeide nynorske dokument innan ein viss tidsfrist. - Me gjer berre unntak der det går ut over ein utilsikta tredjepart.

Til dømes får Nynorsk kultursentrum og Aasentunet, som arrangør av meir enn hundre kulturtilskipingar i året, skatteoppgjersskjema for utlandske artistar berre på bokmål. - Det er mildt sagt ei skam når jamvel slike som Atle Hamar i Lotteritilsynet ikkje har orden i rekkjene sine. Viss ikkje dei greier å følgje Mållova i Førde, kor skal me då forvente at dei skal gjere det?

NYNORSK FRAMTID

Men korleis ser eigentleg den nynorske framtida ut? Er det tungt og kolsvart, eller kan ein sjå den tospråklege framtida i møte også med glede og optimisme? Nynorsk kultursentrum er opptekne av kva verdi det er å ha to målformer.

- Vår haldning er at nynorsken skal vere ein integrert del av den norske kvardagen, seier Grepstad.

- Nynorsken skal alltid vere med der det norske språket er eit tema. Alltid.



Også lokalavisa di er nær og kjær

Eit mjukt kinn og ein evarm klem. Som foreldre og besteforeldre er barn noko av det næraste og kjæraste vi har. På same måte ynskjer lokalavisa å vera nær og kjær for lesarane sine. I lokalavisa finn du derfor artiklar, bilde og annonsar frå nærmiljøet ditt. Vi nyttar ikkje plassen vår på privatlivet til TV-kjendisane. Derimot finn du mykje om det lokale kulturlivet, organisasjonslivet, idrettslivet og næringslivet. Vi skriv om dei små og nære hendingane, men også om dei tunge politiske sakene. Slik arbeider vi jamt og trutt for å bidra til noko positiv og konstruktiv i lokalmiljøet vårt. «Leserundersøkelsen for Lokalaviser» viser at vi så

langt har lukkast med jobben vår. Lokalavisene har svært høg tillit blant lesarane. 9 av 10 les lokalavisa heime – i ro og fred. Dette er positivt også for dei av dykk som annonserer i lokalavisa. Dess meir truverdig mediekanalen er, dess meir valuta får du for annonsekronene dine. Vi er stolte av jobben lokalavisene gjer for nærmiljøet sitt. Vi nyttar høvet til å takka for følgjet – så langt. Snart byr vi på ein ny porsjon stoff frå kvardagen din. PS! Dersom du ikkje alt abonnerer på avisa vår, bør du ringja oss i dag. Ta også kontakt dersom du vil annonsera i eit truverdig mediekanal: lokalavisa.

DI LOKALAVIS!
Sunnhordland

Tlf. 53 45 00 00

www.sunnhordland.com

Språk tar tid - uansett

Nynorskkommunane er ikkje spesielt nøgde med staten når det gjeld oppfølging av mållova. – Det har dei heller ingen grunn til, meiner LNK-leiaren, men han ser og at kommunane har mykje å gå på i språksaker.

TOYNI TOBEKK

Ei undersøking gjort av LNK og Nynorsk kultursentrum syner at 35% av dei nynorske kommunane ikkje er nøgde med måten staten praktiserer målbruk overfor kommunane. Ein ting er kva dette seier om staten, men kva seier det eigentleg om kommunane?

MISNØGDE UANSETT

Er det ikkje naturleg at kommunane uttrykkjer ei misnøye med staten, uansett kva spørsmålet gjeld?

Leiar i LNK, Jan Magne Dahle er til ein viss grad samd i det, men seier at han likevel trur misnøya er reell.

– Me veit at svært mykje av det som kjem frå staten i form av generelle skriv er på bokmål, og det blir lagt merke til i

nynorskkommunane. Dette er forøvrig noko Ottar Grepstad dokumenterte grundig i den førre årstala si.

DÅRLEG LIKESTILLING

Dahle syner mellom anna til Likestillingsdepartementet som kom svært dårleg ut i ei undersøking om stoda for nynorsken i departementa.

– Det er litt betenkeleg at eit departement som jobbar med jamstillings-spørsmål skal ha ein så dårleg praksis for jamstilling av målformene her i landet.

DRAHJELP FRÅ ORGANISASJONANE

Men er kommunane opptekne av språkspørsmål, eller er det enkeltpersonar som står på og ivrar for målbruksplanar og liknande?

LNK-leiaren meiner kommunane har blitt meir opptekne av språk dei siste åra, både på politisk og administrativt nivå. Han trur mellom anna endringar i nynorsk-noreg er ein av grunnane til det.

– Tidlegare var det berre ein institusjon som jobba for nynorsken i landet, og det var Noregs Mållag. No har me mange fleire organisasjonar som driv eit utoverretta arbeid.

Han nemnar mellom andre nynorsk i opplæringa, nynorsk forum og LNK.

– Og sjølv sagt Nynorsk kultursentrum. Dei er svært viktige for nynorsken.

SJØLVSAGT NYNORSK

At statlege og kommunalt tilsette ikkje alltid finn det enkelt å nytte nynorsk i arbeidet sitt, meiner han det ikkje finst noko unnskyldning for.

– Ein del pukkar på retten sin til å bruke ei målform og vil ikkje ta seg bryet med å lære seg nynorsk. Men i somme jobbar er det eit krav at arbeidstakarane skal kunne engelsk, og då nølar me ikkje med å krevje at dei tilsette er kvalifiserte til dette.

Dahle meiner det er sjølv sagt at dette og må gjelde tilsette i kommunar der målforma er ei anna enn deira private hovudmål. Men han medgjer at nok ikkje alle administrasjonssjefar er opptekne av språk.

– Likevel må dei tilsette ta inn over seg kulturen dei lever i. Alt som blir offentleggjort og gjort tilgjengeleg må følge språknorma kommunen har valt.

IKKJE TID OG PENGAR

Det kostar ikkje noko ekstra i form av tid og pengar å vere ein bevisst nynorsk-kommune, meiner Dahle.

– Kanskje kan somme randkommunar og –fylkeskommunar føle at dei har meirarbeid i å tilfredsstille brukarar frå båe språkleirar, men det trur eg er heilt marginalt. Dei skal bruke tid på språket, uansett.



Ein del pukkar på retten sin til å bruke ei målform og vil ikkje ta seg bryet med å lære seg nynorsk. Men i somme jobbar er det eit krav at arbeidstakarane skal kunne engelsk, og då nølar me ikkje med å krevje at dei tilsette er kvalifiserte til dette, seier leiar i LNK Jan Magne Dahle. (Arkivfoto: Einar Scibevaag)

-GÅ PÅ KURS!

Det krev tid å gi tankar ei enkel og klår form, men Jan Magne Dahle meiner det er heilt vesentleg for ein kommune som vil kommunisere godt med innbyggjarane sine.

– Språkkurs er noko dei fleste kommunar bør prioritere for å heve kvaliteten på språket. Det vil igjen føre til betre kvalitet på tenkinga.

Men å lære seg språk i ein eingong har han ikkje tru på, snarare at det er ein stadig pågåande prosess. – Kommunane må røkte språket sitt og samstundes halde seg oppdaterte. Det tek tid, men det må me ha.

Fakta

Målbruk i offentlig teneste

“Statlege leiarar har eit særleg ansvar for å følgja opp lov om målbruk i offentlig teneste. Regjeringa ventar no at alle med leiaransvar i staten gir eit klart og tydeleg signal internt i eigen organisasjon om at målbruksreglane skal etterlevast til punkt og prikke.” St.meld.nr. 7 (2005 – 2006) Målbruk i offentlig teneste.

Heile meldinga kan du finne under Peikarar på www.lnk.no

Den språkdelte kulturens lov

Ottar Grepstad si årstale nr 6. om tilstanden for nynorsk skriftkultur handlar om mållova si stilling i Noreg og om den faktiske språkbruken i nynorskkommunane. Heile årstala finst på www.aasentunet.no.

Nynorsk språk- og dokumentlære

Todayars kurs for statleg og kommunal forvaltning

ALTERNATIV 1:

Diagnose – kursdag – mellomliggjande arbeid – kursdag

Kurshaldaren lagar ein diagnose som resten av kurset blir lagt opp etter. Det mellomliggjande arbeidet gjev skrivetrening og høve til å arbeida ekstra med språket i organisasjonen.

ALTERNATIV 2:

Enkel diagnose – to kursdagar

Ein enklare variant for dei som treng oppfrisking og som har gode rutinar for språk.

HSF Oppdrag svarer gjerne på spørsmål og tek i mot tingingar på kurs: hsfoppdrag@hsf.no eller telefon **57 67 60 00**

Kursa kan bestillast av ein oppdragsgjevar og haldast på arbeidsplassen

Kursa er utvikla i samarbeid mellom Landssamanslutninga av nynorskkommunar og Høgskulen i Sogn og Fjordane.



Den som ventar på noko godt treng ikkje å fortvile.



Snart kjem Microsoft med to nye program: Microsoft Windows Vista og Microsoft 2007 Office system. I mellomtida kan alle brukarar av Microsoft Windows XP og Microsoft Office 2003 laste ned nynorske versjonar. Heilt utan kostnad.

Slik gjer du:

Klikk deg inn på **www.microsoft.no/windowsxp-nynorsk** eller på **www.microsoft.no/office-nynorsk**

Trykk på "Hald fram" for å validere ditt Windows- eller Officeprogram.

Følg vegvisaren for å installere nynorsk språkpakke på datamaskina di.

Vi håper dette vil gjere ventetida kortare og meir morosam.



Navarsete vil hjelpe dei billause



Liv Signe Navarsete vil hjelpe dei billause i distrikta.
(Arkivfoto: Einar Schibevaag)

Det må kunne vere mogleg å leve i distrikta utan bil, seier samferdselsminister Liv Signe Navarsete, som vil utvikle ei nasjonal rettleiing for bestillings-transport.

RAGNHILD MARGRETHA TARANGER

Kva gjer ungdom, eldre og andre i distrikta som ikkje har bil når bussruta er lagt ned og dei skal på handletur eller besøk? Seks kommunar i Nord-Trøndelag har sidan 1991 samarbeidd om tilbringarteneste med taxi. Dermed kan folk som ikkje har bil kome seg til jernbanestasjonen eller næraste buss-haldeplass, og i tillegg kan ein to gonger i veka reise på handletur til næraste sentrum.

POPULÆRT

Prisen for turane er normal bussbillett pluss femti prosent, og svært mange nyttar tilbodet.

Ordførar Arnodd Lillemark (Sp) i Lierne kommune trur tilbringartenesta er eit viktig bidrag til å få folk til å halde fram å bu på bygda. I oktober tok han turen til samferdselsministeren sitt kontor for å fortelje om tilbodet.

- Denne typen service er ikkje minst viktig for at eldre skal kunne bu heime så lenge som mogleg, noko vi legg stor vekt på, seier Lillemark til Nationen.

Ordføraren synest dei to millionane dei brukte på prosjektet i fjor slett ikkje var bortkasta pengar. Gjennom å koordinere tilbodet med til dømes sjuketransport har dei også fått spart inn igjen ein del av beløpet.

MÅ UTVIKLAST LOKALT

- Godt tilpassa løysingar må utviklast lokalt, meiner samferdselsministeren. No skal ho samle inn erfaringar frå både Nord-Trøndelag og andre stader i og utanfor Noreg.


Soria Moria-erklæringa si målsetjing om å gjere kollektivtilbodet i distrikta brukartilpassa og kostnadseffektivt er utgangspunktet for å samle inn lokal kunnskap. Målet er å få oversikt over behovet, og finne ut kva som trengst av midlar til slike tiltak i komande budsjett.

IMPONERT

Navarsete er imponert over satsinga i Nord-Trøndelag. - Eit stikkord er bulyst, å gi folk høve til å bli buande i utkantstrøk. Det gjeld særleg ungdom og eldre utan bil. Det må kunne vere mogleg å leve i distrikta utan bil også, understreka samferdselsministeren.



Tradisjon – og fornying



HOTELL
HORDAHEIMEN



Hotell Hordaheimen gir alle medlemmer av LNK og deira tilsette eit hotellopphald i Bergen til ein pris som tåler samanlikning.

Sei du representerer ein LNK-kommune når du bestiller. Prisen (enkeltrom) er kr 650 på vekedagar og kr 540 i helga.

C. Sundtsgt. 18
5004 Bergen

Tlf.: 55 33 50 00

Faks: 55 23 49 50

E-post: info@hordaheimen.hl.no

www.hordaheimen.hl.no

Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemdar kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.



FAGFORBUNDET



www.fagforbundet.no Servicetorget: 815 00 040

E-post: servicetorget@fagforbundet.no

FJALER



FLEKKE UNITED: På verdsgymnaset møtest elevar frå heile verda. Martin McGloin og Jonathan King har travle dagar i elevrådet. Humanitært arbeid og miljøvern er høgt prioritert på skulen. (Foto: Marie Hauge)



Heile verda samlar seg i Fjaler

I Fjaler i Sogn og Fjordane bur det under 3000 innbyggjarar, men kommunen har sjeldan færre enn 80 nasjonalitetar å skilta med.

MARIE HAUGE

Martin McGloin (18) og Jonathan King (17) er travle gutar. Som elevrådsrepresentantar på verdsgymnaset – Red Cross Nordic United World College (RC-NUWC) – ved idylliske Fjallfjorden, skal dei hanskast med meir avanserte skuledebattar enn gymnasiastar flest.

– Det er mange elevar med gripande livshistorier her på skulen. Dramatiske verdshendingar kjem rett inn i klasserommet når det skjer ting i heimlandet til medelevane våre, fortel Jonathan, som er frå Storbritannia. Vennskap og fred på kross av grenser, religion og hudfarge er kongstanken bak verdsgymnaset, som det no er elleve av i verdssamheng.

Verdsgymnaset i Flekke vart stifta i 1995, og har alt overlevd eit par kritiske statsbudsjett. Når det har storma som verst har lokalbefolkninga slått ring rundt den internasjonale skulen.

Enn så lenge er skulen i strandkanten freda av politikarane, og det er kanskje delvis det lukkelege hopehavet med

Røde Kors Haugaland rehabiliteringssenter å takka. Elevar frå verdsgymnaset hjelper til på senteret, som ligg i direkte tilknytning til skulebygga.

Frivillig arbeid i lokalmiljøet er ein viktig del av utdanninga på verdsgymnaset, og norsk-irske Martin McGloin har fått prøva kreftene på eit av gardsbruka i kommunen.

– Når eg treffer nye folk viser det seg nesten alltid at vi har felles kjende. Slik må det bli på ein plass der alle kjenner alle, seier Martin.

Dei to opplever at elevane frå verdsgymnaset vert godt mottekne i lokalsamfunnet.

– Folk er venlege, og det er aldri noko problem å få skyss. Her er det ingen som låser dørene, fortel dei to gutane.

Når det verste kultursjokket har lagt seg for dei mest langvegfarande elevane, tek dei for seg av den flotte naturen på skuleområdet og i resten av sunnfjordskommunen. Det er ikkje alle elevane som har råd eller høve til å reisa heim på ferie dei to åra opphaldet i Fjaler varer.

– Men likevel er det som oftast dei med kortast veg, som har mest heimlengt, fortel Jonathan og Martin.

FAKTA



Fjaler er ein kystkommune på sørsida av Dalsfjorden i sørvestre delen av Sogn og Fjordane. I vest er det typisk kystterreng, medan den austre delen av kommunen har høge fjell og innlandspreg. Kommunesenteret heiter Dale. Som for kommunane flest i fylket, er folketallet også i Fjaler fallande.

Landbruket står framleis sterkt i kommunen, og ei etter måten intensiv skogdrift har sett sine spor i landskapet.

Næringslivet i Fjaler har funne nye vegar. Nyleg overtok Skigutane AS frå Voss den tradisjonsrike skifabrikken Åsnes. Designbedrifta Ralston og Bau har etablert seg på den gamle kaia. Rehabiliteringssenteret, som er ått og drive av den lokale raudekrossen, er sentral for heile Vestlandet. Kommunen har i dag det fremste it-miljøet i fylket, og spydspissen er den framgangsrike dataverksemnda Elis AS. Verksemnda ekspanderer stadig og tel no 40 tilsette. Det vert drive havbruk i kyststroka.

Solide kulturberarar i kommunen er Nordisk kunstsenter på Dalsåsen, verdsgymnaset i Fjaler og Jakob Sande-stiftinga og –selskapet, som hegnar om høvesvis Klokkargarden og den litterære arven etter Sande.

Folketal...2 881

Areal...418 km²

Ap.....	6
Sp.....	5
V.....	4
Høgre.....	4
SV.....	3
KrF.....	1
Ordførar.....	Arve Helle (Ap)
Varaordførar.....	Jan Ulltang (Sp)
Rådmann.....	Kjell-Roar Henriksen

FJALER



Jakob Sande-året

Lever sitt eige liv

– Eg har gjeve opp å samla på avisutklipp. Margrete Reisæter, dagleg leiar i Jakob Sande selskapet, har merka at Dale ikkje får ha Jakob Sande for seg sjølv. Spesielt ikkje i jubileumsåret.

MARIE HAUGE

I Dale er dei i den hektiske innspurten på jubileumsåret. Den første helga i desember er det stor festframsyning i Dale og i Førde. Helga etter vert Jakob

Sande feira i Oslo, på Ullern skule der han arbeidde som lærar.

Med festframsyningane vel overstått vert det sett punktum for eitt år som verkeleg har skapt ny blest om Jakob Sande.

DEBATT OM BIOGRAFI

Diktaren og forfattaren er feira i heile landet. Frå små pensjonistlag til dei proffe aktørane – alle har dei ynskt å syna fram "sin" Jakob Sande.

Men dei færreste hadde vel sett for seg at Jakob Sande, nærmare 40 år etter sin død skulle verta stoff i beste

I den gamle bestefarstova er det ein del gjenstandar som har tilhørt Jakob Sande. Lutten er det mange som hugsar i hendene på forfattaren og diktaren frå Dale. (Foto: Marie Hauge)



dagsrevytid. Konfrontasjonen mellom biograf Ove Eide og Jon Eikemo, den mest kjende Jakob Sande-tolkaren, prega media i fleire omgangar etter at Eide si bok «Jakob Sande. Liv. Dikting» kom ut i oktober. Boka, som sel godt, i følge forlaget, har også skapt debatt i universitetsmiljøa.

– Vi hadde sett for oss at boka skulle få merksemd, men ikkje i den skalaen, fortel Margrete Reisæter. Ove Eide, som er lektor og prosjektleiar ved Firda vidaregåande skule, har reist land og strand rundt og halde foredrag etter bokutgjevinga.

BARNDOMSHEIMEN

I Dale har dei spreidd Sande-arrangementa jamt utover året. Ein viktig stad har vore Klokkargarden, som ligg sentralt i kommunesenteret. Der vart Jakob Sande fødd 1. desember 1906. Garden er no ått av ei Jakob Sande-stifting. Klokkargarden er også ein del av 1000 årsstaden i Fjaler.

I år har det vore rekordbesøk på garden. Over 2500 har vore innom for å oppleve barndomstraktene til Jakob Sande. Han bruka også å koma heim på somrane etter at han flytta til Oslo. Då sat han og dikta i bestefarstova, som i dag er museum og kafé. Stova er opphavleg frå 1700-talet.

Jakob Sande-selskapet har som mål å verna om den litterære arven etter den omtykte forfattaren. Dei arrangerer kvar sommar «Kobbekjerskvelden» på staden der Jakob Sande hadde hytte. Songheftene som vert brukte på desse kveldane er så populære at selskapet no sel dei butikken saman med andre verk om Jakob Sande.

SAMLANDE SANDE

Margrete Reisæter trur Jakob Sande er ein viktig samlande faktor i den vesle kommunen.

– Interesse for Sande og forfatterskapen hans er naturleg nok varierende, men særleg skulane og barnehagane har vore flinke til å besøka Klokkargarden. Det skal godt gjerast å finna ein smårolling i Fjaler som ikkje kjenner til fabelen om gåsa, katten og hanen, fortel Margrete Reisæter, som sjølv bur i våningshuset på Klokkargarden. Ho er tilsett i halv stilling i Jakob Sande selskapet no i jubileumsåret, og leiar elles frivilligsentralen i kommunen.

Den snart avtroppande jubileumsgeneralen meiner det er ulikt kva sunnfjordingane knyter til Sande; om det er skjemtevisene eller vakre kjærleiks- og naturdikt.

– Men eg trur dei kjenner seg att i diktinga hans og er stolte over at han kjem frå Dale.

Kultur- og næringsliv, kunstnersenteret og turistnæringa i kommunen har drive idédugnad for å sjå korleis ein også i framtida kan skapa liv og verksemd i Klokkargarden.

– Det er mykje å ta fatt i men vi veit det viktigaste; Jakob Sande er omtykt, avsluttar Margrete Reisæter.

Margrete Reisæter har budd på Klokkargarden dei siste åra. – Interesse for Sande har løpt løpsk, oppsummerer ho, på kanten av 100 årsjubileet. (Foto: Marie Hauge)



Notiser

Folkeavstemming om nynorsk

Møre og Romsdal er eitt av fylka som no tek stilling til om dei framleis skal nytte nynorsk som administrasjonsspråk. Innbyggjarane er ikkje i tvil.

(ANB): Ifølgje ei meningsmåling gjort i regi av Noregs Mållag vil 50,6 prosent av meringar og romsdalingar behalde nynorsken, medan 44,8 prosent seier nei. Interessant nok er kvinnene meir positive til skriftsspråket som ligg nærast opp til dialektane i Møre og Romsdal enn mennene i regionen.

– Det er svært gledeleg for utsiktene til framleis å ha nynorsk i fylket, at eit fleirtal av innbyggjarane ynskjer nett det, seier Mållaget. No er det opp til fylkestinget i fylket å bestemme framtida til nynorsken som administrasjonsspråk. Det skjer på møtet 6. desember. (ANB)

FJALER



Byggjer hus til dei gode ideane

Det er travelt igjen på den gamle ferjekaia i Dale i Sunnfjord. Arbeidsfolk reiser ein stor fabrikk, og der skal det myldra av kreative menneske og gode idear.

MARIE HAUGE

– Pinne... what? Jan Brauer frå Tyskland er eit stort spørsmålsteikn. Han er ikkje kjent med norsk julemat, og vert fortald av kollegaene i designverksemda Ralston og Bau kva han har i vente. Deriblant pinnekjøt.

VENTAR PÅ LUNSJAR

Det er lunsj på den lokale coop-kafeen i Dale, og med ein franskmann med rundt bordet dreier samtalen stadig attende til mat. Franske Alexandre Bau og svenske Birgitte Ralston er gift og i ferd med å realisera livsdraumen om Transplant – ein idéfabrikk – på den gamle kaia nede ved Dalsfjorden. Til våren står det 590 kvm store bygget ferdig med materialbibliotek, verkstad- og utstillingslokale, designbutikk, kontor og sjølvstekt, ein lunsj- og vinbar. Modellverkstaden Shape med hovudsete i Ålesund, og avisa Firda har også tinga seg kontorplass.

UTKANTEN NOREG

I dag reiser ekteparet Bau Ralston rundt og held work-shops for ulike verksemdar. Når den nye idéfabrikken er ferdig skal verksemdene i staden koma til Dale for kreative løft.

Først var tanken å realisera Transplant i USA, der paret har budd i mange år. Men eit opphald på Nordisk Kunstnarsenter på Dalsåsen snudde om på planane.

– Vi tenkte vi kanskje kunne gjera det her i staden, seier Birgitte Ralston og feiar galant alle innvendingar om utkant og små tilhøve til side. Det tek 25 minuttar til flyplassen i Førde. Dessutan er storbyane i Noreg likevel småbyar, sett frå resten av verda.

– Det blir utkant alt i hop, seier Birgitte Ralston, og er faktisk ikkje arrogant. Ho har budd i storbyar verda over, blant haiar og ulvar, som ho uttrykkjer det sjølv.

– Då vert spørsmålet kvar har vi det bra? Kva har vi lyst på?

SOSIALE I DALE

Birgitte Ralston er overtydd om at Dale er staden for eit stadig meir designsultent næringsliv. Ho har alt sett fascinasjonen i augene til utanlandske gjester som kjem til den naturskjønne, vesle kommunen.

– Dette er unikt i Europa, slår ho fast.

Designparet har fått tilbod om å slå seg ned andre stader. Det er til og med lokka med tomt til ei krone. Men Dale er ein spesiell plass, meiner Birgitte Ralston.

– Folk i Dale er sosiale og vande med å møta framande. Det er ein stad som lever heile året – roleg og vakker, reklamerer ho.

ENTUSIASTISK KOMMUNE

Riding, sjøfiske og bading under fossen er nokre av fritidsaktivitetane som Ralston og Bau kan tenkja seg å knyta opp til seminar og konferansar på Transplant. Planen er å samarbeida med det lokale næringslivet når det gjeld mat og overnatting. Kommunen er også ein sær viktig samarbeidspartnar.

– Fjaler kommune har støtta og hjelpt oss og vore veldig entusiastiske. Det er takk vere dei at vi er her, seier Birgitte Ralston.



SYNFARING: Reisverket står støtt, og til våren skal resten vera på plass. Birgitte Ralston (fremst) og ektemannen Alexandre Bau (på muren bak) saman med praktikantane Ørjan Lønningen (t.v.), Dana Stimming og Jan Brauer. Christoffer Stølen er utplassert frå Dale vidaregåande skule. (Foto: Marie Hauge)

Idefabrikken Transplant

- Bygget er teikna av arkitekt Attila Eris
- Det er kostnadsrekna til ti millionar kroner
- Ralston og Bau eig 65 prosent i bygget
- Verksemda investerer tre millionar kroner i prosjektet
- Fjaler kommune eig 35 prosent

- Kommunen har investert 2, 5 mill kroner og tomta
- Norsk Kulturråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjeve tilskot til bygget
- Industrien i Sogn og Fjordane har delt av sine tilskotsordningar til prosjektet



Ei god jul
og eit godt nytt år
til alle våre
samarbeidspartnarar
i kommunane

KOMMUNEKREDITT

Beddingen 8, 7410 Trondheim
(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81
e-post: post@kommunekreditt.no
www.kommunekreditt.no

GOD JUL OG GODT NYTT ÅR!



Stiftinga Rasmus Løland-markeringa
Tlf. 52 79 60 20
www.nashornet.no



Kulturavis for pedagogisk
personal i barnehagar og
på småskuletrinnet
Tlf. 52 79 04 84
www.pirion.no



**KLP
FORSIKRING**
For dagene som kommer

Tlf. 22 03 35 00
www.klp.no



Nynorsk Pressekontor
Tlf. 22 42 92 60
www.npk.no



Omsetjings-, korrektur- og
søkjeverktøy for nynorsk og bokmål
Tlf. 35 06 15 60
www.nynodata.no

Sparebanken Hardanger

„Hardingbanken,”
Tlf. 53 67 11 00
www.hardingbanken.no



Elektronisk tidsskrift med nyhende,
artiklar og kommentarstoff
Tlf. 52 79 04 82
www.magasinet.no



Tlf. 57 75 70 50
www.fjord1.no



Tlf. 21 50 20 00
www.kommunalbanken.no



Konsulentfirma innan informasjon
og informasjonsformidling
Tlf. 52 79 04 80
www.norsk-plan.no



Tlf. 24 14 11 12
www.ungdomslag.no



Tlf. 22 33 14 00
www.lnk-nytt.no



Tussa Kraft A/S
Tlf. 70 04 62 00
www.tussa.no